

# Samarbeidsavtale for Setesdal interkommunalt politisk råd (IPR) mellom Bygland kommune, Bykle kommune, Evje og Hornnes kommune, Valle kommune og Åseral kommune

## § 1 NAMN, DELTAKARAR OG RETTSLEG GRUNNLAG

Setesdal Regionråd vart opphavleg skipa den 18/2 1999. Avtalen ble utvida i medhald av representantskapsmøte 26. august 2019 i samband med at Åseral kommune vart ny deltakar i samarbeidet frå 1. september 2019.

Samarbeidsavtalen omfattar følgjande partar: kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral. Denne samarbeidsavtala er ramme for verksemdsområde, organisering og drift av Setesdal interkommunalt politisk råd (IPR). Setesdal IPR er eit interkommunalt samarbeid oppnemnt i tråd med Lov om kommuner og fylkeskommuner 2018-06-22-83 kapitel 18. gjennom eigen samarbeidsavtale. Forkorta omtale: Setesdal IPR eller Rådet.

Hovudkontoret ligg i Valle kommune. Setesdal IPR er eit eiga rettssubjekt og har organisasjonsnummer 981543556.

## § 2 FØREMÅL

Setesdal IPR har som føremål å fremje utvikling av heile Setesdalsregionen.

Rådet skal marknadsføre Setesdalsregionen.  
Rådet skal være ein pådrivar for regional utvikling.  
Rådet skal samordne og ivareta regionens interesser.

Den overordna målsettinga for Setesdal IPR sitt arbeid er «Levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region». Setesdal IPR skal utifrå visjonen "Setesdal er Agder sitt grønne hjarte" stimulere utvikling og vekst i Setesdal basert på eigne føremonnar/ særpreg og fremme regionen sine interesser.

Setesdal IPR skal særleg arbeide med desse hovudutfordringane:

- Marknadsføre og utvikle Setesdalsregionen som reiselivsdestinasjon  
Strategien skal bidra til vekst i reiselivet i Setesdalsregionen gjennom heilårsturisme. Ei viktig målsetting er å skape fleire lønsame arbeidsplassar innan reiselivsnæringa. For å oppnå dette må ein arbeide vidare med å utvikle reiselivsrelatert infrastruktur.
- Vidareutvikle og styrke kompetansen i regionen  
Strategien skal bidra til eit attraktivt utdanningstilbod og styrking av fagopplæringa i regionen, og til at næringslivet, offentlege verksemder og organisasjonar har tilbod om eit framtidretta etter- og vidareutdanningstilbod. Setesdalsregionen skal vere attraktiv for nye kompetansesarbeidsplasser.
- Utvikle attraktive og livskraftige bygder  
Strategien skal bidra til at fleire bur og har sitt virke i regionen. I regionen er det ei målsetting om folketalsvekst i alle dei fem kommunane som utgjer Setesdalsregionen. Dette er avgjerande både for å sikre arbeidsplassar og busetting i etablerte næringar, og for å tiltrekke seg nye næringar som bygger på verdi- og ressursgrunnlaget i regionen. Setesdalsregionen skal vere ein region som marknadsfører det gode livet på bygda og fremjar berekraftige bu- og stadkvalitetar.
- Forvalte regionalt næringsfond  
Næringsfondet skal forvaltast gjennom eigne vedtekter vedtekne av styret på en slik måte at ein støttar og forsterkar dei tre hovudstrategiane.

Setesdal IPR har ansvaret for å arbeide med regionale samfunnsutfordringar med utgangspunkt i den til kvar tid gjeldande samarbeidsavtale og det fylkeskommunale og kommunestyrevedtekne regionale utviklingsprogrammet.

Setesdal IPR skal arbeide i partnerskap med Agder fylkeskommune med utgangspunkt i den til en kvar tid gjeldande Regionale utviklingsplan for Setesdal med tilhøyrande handlingsprogram og den fylkeskommunale Regionplan Setesdal.

Setesdal IPR kan tilleggast det operative ansvaret for regionale samarbeidstiltak etter kommunale vedtak.

Setesdal IPR skal alltid legge til grunn meiroffentlegheit og openheit om samfunnsaktuelle drøftingar.

## § 3 ORGANISERING AV SAMARBEIDET

### § 3.1 REPRESENTANTSKAPET

Setesdal IPR skal leiast av ein representantskap der kvar deltakarkommune nemner opp 5 representantar med varamedlemmar. Funksjonstida følgjer kommunevalperioden. Representantskapet vel eit styre som ivaretek den daglege verksemda til Setesdal IPR.

Representantskapet i Setesdal IPR kan treffe avgjerder om drift og organisering og disponering av eigne midlar. Representantskapet kan ikkje forplikte den einskilde deltakarkommune utover dette utan godkjenning i den einskilde sak. Representantskapet kan delegera denne myndigheita til styret.

Representantskapet har slikt mynde:

Val av revisor

Vedtaka budsjett

Godkjenne rekneskap

Gjere vedtak som er naudsynte for å utføre dei oppgåver som vert lagde på Setesdal IPR, under dette vere ansvarleg for drift og organisering innad i Setesdal IPR.

Opprette og eventuelt nemne opp eigne styre der det er naudsynt.

Opprette og velje klagenemnd etter tilråding frå styret.

Setesdal IPR gis myndigheit til å treffe einskildevettak om å disponere eigne middel, forvalte tilskottsordningar, interne forhold i samarbeidet og vedtak i høve politikk.

Representantskapet vel leiar og nestleiar for to år om gongen.

Representantskapet held møte to gonger i året, innan utgongen av juni og desember, og elles når styret krev det. Innkalling til møte i representantskapet skal sendast ut med minst 14 dagars skriftleg varsel. Innkallinga skal innehalde oppgåver over dei saker som skal handsamast. Dagleg leiar har møte- og talerett.

Kommunedirektøren i kvar deltakarkommune har møte- og talerett. Fylkesordførar og fylkesrådmann har møte- og talerett.

Representantskapet gjer sine vedtak i møte under leiing av leiar/nestleiar. Representantskapet er vedtaksført når meir enn halvdel av representantane er til stades og alle kommunane er representert. Alle vedtak avgjerast med alminneleg fleirtal av dei som er tilstade, dersom det ikkje i lov eller desse vedtektene er fastsett noko anna. Står røystetalet likt, har leiaren dobbeltrøyst.

Leiaren er ansvarleg for at det vert ført møteprotokoll. Leiaren/styreleiar eller dagleg leiar saman med minst to styremedlemmer kan krevje at det blir innkalla til ekstraordinært representantskap.

Representantskapet fastsett godtgjersle til leiar i representantskapet og til styreleiar. Møtegodtgjersle for andre ombodsmenn vert dekt direkte av kvar kommune.

### § 3.2 STYRET

Representantskapet oppnemnar styrets medlemmar. Styret skal ha to faste styremedlemar og to varamedlemmar frå kvar deltakarkommune. Ordførar og både kjønn skal vere representert blant de faste styremedlemmar. Funksjonstida følgjer kommunevalperioden. Styret vel sjølv leiar og nestleiar for to år om gongen. Dette skal gå på omgang mellom kommunane.

Styret tilsett dagleg leiar.

Styreleiaren kallar inn til styremøte. Dagleg leiar eller minst to styremedlem kan krevje at styret vert innkalla. Innkalling til møte i styret skal skje med minst åtte dagars skriftleg varsel. Med innkallinga skal det følgje ei oppgåve over dei sakene som skal handsamast. Dagleg leiar skal førebu sakene for styret og legge fram tilråding til vedtak i kvar sak.

Styret er vedtaksført når meir enn halvdelen av representantane er til stades og alle kommunane er representert. Alle vedtak avgjerast med alminneleg fleirtal av dei som er tilstade. Står røystetalet lik, har styreleiar dobbeltrøyst.

Dagleg leiar tek del i styremøta med tale- og forslagsrett, men utan røysterett. Kommunedirektøren i kvar deltakarkommune har møte- og talerett. Fylkesordførar og fylkesrådmann har møte- og talerett. Leiaren i representantskapet, eller den leiaren nemner opp, har møte- og talerett i styret.

Styret er ansvarleg for den dagleg verksemda til Setesdal IPR og tek avgjerd i alle saker som ikkje er særskild lagt til representantskapet.

Styret kan ikkje forplikte den einskilde deltakarkommune utover dette utan godkjenning i den einskilde sak.

Styret skal legge fram tilråding i saker som vert fremja for representantskapet. Styret kan avgjere at eigne styre kan fremme saker direkte for representantskapet. Styret kan elles delegere avgjerdsrett til eigne styre eller dagleg leiar.

Styret skal innan utgongen av mai kvart år leggje fram for representantskapet et revidert rekneskap og årsmelding.

Styreleiaren er ansvarleg for at det vert ført møteprotokoll.

Styret førebur prinsipielle drøftingar og langsiktige målsettingar for representantskapet. Styret driv eigenevaluering av styret og dagleg leiar sitt arbeid.

### § 3.3 ORDFØRARUTVALET

Representantskapet utnemnar ordførerutvalets medlemmar. Ordførerutvalet består av ordføraren i dei deltakande kommunane. Funksjonstida følgjer kommunevalperioden. Ordførerutvalet vel sjølv leiar for to år om gongen. Dette skal gå på omgang mellom kommunane, og følgjer normalt styreleiarfunksjonen. Utvalet har ikkje vedtaksmynde, men skal styrke det regionale samarbeidet og fremme regionens interesser. Leiar av utvalet er ansvarleg for at det vert ført møtereferat.

### § 3.4 DAGLEG LEIAR

Dagleg leiar skal etter instruks og pålegg frå styret stå for den daglege drifta av Setesdal IPR. Dagleg leiar legg fram utkast til budsjett for verksemda. Dagleg leiar er ansvarleg for førebuing av alle saker som vert fremja for styret. Dagleg leiar kan påleggjast tilsvarande ansvar for eventuelle eigne styre.

### § 3.5 KOMMUNEDIREKTØRUTVAL

Kommunedirektørutvalet består av kommunedirektørane i regionen. Kommunedirektørutvalet sin funksjon er å vere eit rådgjevande organ for styret, jobbe på oppdrag av styret og følgje opp vedtak retta til kommunedirektørutvalet. I samarbeid med dagleg leiar kan kommunedirektørutvalet fremje saker som kjem under føremålet til Setesdal interkommunalt politisk råd og bruke fagnettverk til å samordne saker av regional betydning.

#### § 4 ANDELAR, INNSKOTT OG ANSVARFORDELING

Deltakarkommunanes andelar er lik fordelinga av innskott.

Storleiken på årlege kommunale innskott er styrt av samarbeidsavtale opphavelig datert 14.12.2007, og som vart utvida i medhald av representantskapsmøte 26. august 2019 i samband med at Åseral kommune vart ny deltakar i samarbeidet frå 1. september 2019.

Den einskilde deltakar har ubegrensa økonomisk ansvar for sin andel av rådets forplikningar. Til saman skal andelane utgjere rådets samlede forplikningar.

Kommunane gjev slike årlege tilskott til Setesdal IPR:

Bykle kommune	kr 1.300.000
Valle kommune	kr 1.300.000
Bygland kommune	kr 1.300.000
Evje og Hornnes kommune	kr 1.300.000
Åseral kommune	kr 1.300.000

Kvar kommune kan krevje å endre sitt tilskott med eitt års varsel innan 1/1 året før tilskottsåret. Det er kommunanes intensjon at samla kommunal tilskottsramme skal vere avklåra innan 1/10 i året før tilskottsåret. Den einskilde deltakar har ubegrensa økonomisk ansvar for sin andel av rådets forpliktelsar.

#### § 5 OPPSEIING

Kvar av deltakarane har rett til å seie opp avtalen om deltaking i Setesdal IPR med eitt års skriftleg varsel. Utløysingssum fastsettas til andelens nettoverdi ved oppseiingsfristens utløp, men ikkje til meir enn verdien av de midlar vedkommande kommune har skutt inn. Den eller dei kommunane som går ut, vil hefte for gjeld og ansvar som Setesdal IPR har. Utreddende kommune heftar for Setesdal IPR sine forpliktelsar pådradd fram til utmeldingstidspunktet tilsvarande sin andel.

Styret kan fritake den eller dei deltakarane som trer ut når andre deltakarar har teke over gjelda / hefte eller vedkommande kreditor(ar) har friteke Setesdal IPR for gjeldsansvar/forplikningar.

#### § 6 OPPLØYSING

Vedtak om oppløysing av Setesdal IPR krev godkjenning frå alle deltakarane. Ved oppløysing skal verdiane i Setesdal IPR først attende til deltakarane med 20% andel til kvar deltakar.

Eigarposter i andre verksemder og verdier som kan føres tilbake til tidlegare eigarskap Setesdal IPR har hatt i andre verksemder, må vurderas særskild og ta omsyn til eigarposthistorikken.

Etter oppløysing har Valle kommune ansvar for Setesdal IPR sine arkiv.

#### § 7 ENDRING AV SAMARBEIDSAVTALEN

Endring av samarbeidsavtalen krev godkjenning frå eit fleirtal på 2/3 av dei av gjevne røystene i representantskapet og godkjenning frå alle deltakarane.

Representantskapet vedtek sjølv, i samsvar med kommuneloven § 18-4 tredje ledd, mindre vesentlige endringar i samarbeidsavtalen. Slike endringar må vedtakast samrøystes.

## § 8 TVISTELØYSING

Usemje om forståinga av denne avtalen skal søkas løyst ved forhandlingar. Dersom dette ikkje førar fram, skal tvisten avgjeras ved voldgift med mindre ein av partane krev saka løyst ved domstolsbehandling. Ved domstolsbehandling skal Kristiansand tingrett være verneting. Velgjes voldgift, skal denne ha 3 medlemmar oppnemnd av Agder lagmannsrett.

## § 9 NÅR SAMARBEIDSAVTALEN TEK TIL Å GJELDE

Samarbeidsavtalen tek til å gjelde når kommunestyra i dei fem samarbeidskommunane har godkjent dei. Vedtektene er utferdiga i 6 eksemplar der kvar av kommunane og Setesdal IPR får kvart sitt.

Stad:..... Dato:.....

\_\_\_\_\_  
ordfører Bykle kommune

\_\_\_\_\_  
ordfører Valle kommune

\_\_\_\_\_  
ordfører Bygland kommune

\_\_\_\_\_  
ordfører Evje og Hornnes kommune

\_\_\_\_\_  
ordfører Åseral kommune

Illustrasjon- strategi:

Formål og roller	Ressurser og moglegheiter	Visjon og hovudmål	Strategiar
<p><u>FORMÅL:</u> Setesdal interkommunalt politisk råd (IPR) har som formål å utvikle Setesdalsregionen</p>	<p><u>REGIONENS FORTRINN:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Natur</li><li>• Kultur</li><li>• Rein energi</li></ul>	<p><u>VISJON:</u> Setesdal er Agder sitt grønne hjarte</p>	<p><u>STRATEGI 1:</u> Markedsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon</p>
<p><u>ROLLER:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Markedsføre regionen</li><li>• Vere ein pådrivar for regional utvikling</li><li>• Samordne og ivareta regionens interesser</li></ul>	<p><u>GLOBALE MEGATRENDER:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Digitalisering</li><li>• Det grønne skiftet</li></ul>	<p><u>HOVUDMÅL:</u> Levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region</p>	<p><u>STRATEGI 2:</u> Vidareutvikle Setesdalsregionen som ein kompetanseregion</p>
	<p><u>VERDIAR FOR SAMARBEIDET:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Tillit</li><li>• Openheit</li><li>• Nytenkande</li></ul>		<p><u>STRATEGI 3:</u> Utvikle attraktive og livskraftige bygder</p>

Handsaming

Dato

Styre - Setesdal IPR

Representantskap - Setesdal IPR

Kommunestyret i Åseral kommune

Kommunestyret i Evje og Hornnes kommune

Kommunestyret i Bygland kommune

Kommunestyret i Valle kommune

Kommunestyret i Bykle kommune

UTKAST